

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
17/677-4/DGI

Dato
18.01.2018

Skrivemåten av universitetsnamnet Oslomet – storbyuniversitetet

Vi skriv her til Kulturdepartementet for å orientera om at vi alt har fått fleire førespurnader om skrivemåten av namnet på det nye Oslo-universitetet og korleis ein skal halda seg til den offisielle rettskrivinga når ein omtalar det. Vi held oss til mandatet vårt om å forvalta den norske rettskrivinga, og at den offisielle rettskrivinga gjeld for all språkbruk i staten, og difor må vi støtta ein normalisert skrivemåte *Oslomet*.

I det vedlagde brevet frå Kunnskapsdepartementet blir det orientert om at den tidlegare Høgskolen i Oslo og Akershus 12. januar 2018 fekk status som universitet med namnet «OsloMet – storbyuniversitetet». Språkrådet har ikkje støtta namnevalet, men tek det sjølvstilt til orientering. Rolla vår i konsultasjonsordninga for namnelaging i staten skal vera rettleiande og rådgivande, jamfør «Rundskri V-9B/2016. Språkfaglige konsultasjonsrutiner for navnelaging i staten» frå Kulturdepartementet.

I tillegg til sjølvstilt namnevalet er det eit moment som gjeld rettskrivinga. Dette var ein særleg grunn til å gjera Kunnskapsdepartementet merksam på innvendingane mot namnet *Oslomet*. I offisiell rettskriving har særnamn på norsk berre stor forbokstav. Resten av bokstavane i særnamn er små, med mindre det er ei forkorting. Slik heiter det til dømes *Norsk rikskringkasting* eller *NRK*. *Oslomet* med stor bokstav midt inne i ordet bryt følgjeleg med rettskrivinga. Morgenbladet skreiv alt fredag 12. januar 2018 at avisa vil normalisera til norsk rettskriving, slik at universitetsnamnet blir *Oslomet*. Språkrådet har denne veka fått førespurnader frå både Aftenposten og NTB, som òg ønskjer å normalisera skrivemåten, men som spør kva rett skrivemåte er. Når vi held oss til at den offisielle rettskrivinga gjeld for språkbruken i staten, må vi støtta ei normalisering av skrivemåten av namnet. Rådet vårt vil da vera å skriva *Oslomet – storbyuniversitetet*. Aftenposten og NTB har òg spurt om det kunne vera eit alternativ å skriva *Oslo met* (ev. *Met*) i to ord. Ei slik deling vil i så fall vil vera ei endring av sjølvstilt det fastsette namnet, og det kan vi ikkje støtta med heimel i rettskrivinga aleine. Dessutan er *met* ikkje eit eige ord på norsk.

Namnevalet har fått mykje negativ merksemd i media, ikkje minst i eit lengre stykke om statlege nam av redaktør Nils August Andresen i nettavisa Minerva: <https://www.minervanett.no/hoy-pa-met/>. Som Kunnskapsdepartementet nemner i det vedlagde brevet til oss, var det òg eit kritisk spørsmål frå stortingsrepresentant Stefan Heggelund (Høgre) til kunnskapsministeren om namnet. Saka har vore illustrerande for fleire av dei momenta Kulturdepartementet har nemnt i rundskriv om namnelaging i staten. Eit minstemål må vera at normal rettskriving skal gjelda for all språkbruk i staten. Den



kongelege resolusjonen som slår dette fast, er fleire tiår gammal. Dersom dette overordna prinsippet blir nedfelt i lov eller forskrift, vil det stå sterkare.

Vennleg helsing

Åse Wetås
direktør

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kulturdepartementet Postboks 8030 Dep 0030 OSLO

Kopi til:

Kunnskapsdepartementet Postboks 8119 Dep 0032 OSLO